

Mal – Epost til emneansvarleg om evaluering

Tema: Informasjon om emneevaluering og emnekontakt

Hei!

[Emnekode + namn] startar snart opp, og her informasjon om krav til evaluering av emne og emnekontakt.

Evaluering av emnet er emneansvarleg sitt ansvar. Admin er støttefunksjon.

EMNEKONTAKT:

Alle emne på ISV skal ha ein emnekontakt. Dette er ein student som tar emnet og hen bør helst vere student ved instituttet. Studenten skal gi tilbakemeldingar til emneansvarleg på korleis undervisingsopplegget fungerer, og delta på evalueringsmøtet i slutten av semesteret. Det er mogleg å ha fleire emnekontaktar.

Emneansvarleg må ta opp på første forelesing at det er behov for emnekontakt. Student som er interessert kan melde seg. Masterkoordinator (Elin Arntzen) må få beskjed om kven som skal emnekontakt i ditt emne.

Du er ansvarleg for å få på plass ein emnekontakt.

UNDERVEGSEVALUERING:

Alle emne på UiO skal ha undervegsevaluering. Undervegsevaluering skal gjennomførast medan emnet pågår.

Ein samtale med emnekontakt undervegs dekker kravet til undervegsevaluering.

EVALUERINGSMØTE

Etter at semesteret er ferdig blir alle emnekontaktane invitert til å gi tilbakemeldingar. Det blir eitt møte per område. Emneansvarlege og områdeansvarleg er invitert til å delta.

Evalueringsmøtet blir organisert av administrasjonen og undervisingsleiar.

SPØRJEUNDERSØKING

Det er (foreløpig) frivillig å gjennomføre spørjeundersøking. Dette kan vere svært nyttig for periodiske evalueringar, og me anbefalar difor alle å gjennomføre dette.

Spørjeundersøkingar kan settast opp i Nettskjema. Spør admin om mal dersom dette er ønskeleg.

Admin kan vere behjelpeleg med utsending av nettskjema.

Helsing